


Årsmelding Ellingsøy sokn 2020



Soknerådet

Fast medlem

Lars Lothe	Leiar
Eva Søvik Uri	Nestleiar
Line Håberg Nedialkov	Kirkens Nødhjelp, utsmykkingsnemd
Björg Hadland Slotsvik	
Oddvar Leif Bjørge	Representant fellesrådet, misjonskontakt
Lisa Grøtting	Gudstenesteutval

Varamedlem:

Solveig Kiperberg Viddal	Trusopplæringsutval
Kjetil Stokkerei Tarberg	
Berit Meling Myklebust	
Odd Per Vadset	Kyrkjemusikalsk utval

Tilsette

Reidar Standal	Sokneprest	100%	tom sept.
Ida Marie Weltzien	Sokneprest	100%	fom sept.
Kristin Smehus	Dagleg leiar	40%,	
Jann Elling Koppen	Kantor	50%	
Mary Rowland	Diakon	25%	
Christian Siejak	Ungdomsprest	25%	
Mariann Stensøe	Trusopplærar	25%	
Kjell Magne Antonsen	Kyrkjetenar	20%	tom mars
Eero Voitk	Kyrkjetenar	30%	endra til 20% fom april
Åsmund Harald Krogh	Kyrkjetenar	25%	fom sept.
Kari Vatne	Sokneprest Borgund		
Camilla Garcia de Presno	vikar kyrkjetenar		

Soknerådsmøter

I 2020 hadde soknerådet ni ordinære møter, eit ekstraordinært møte og handsama i alt 30 vedtakssaker.

Kyrkjeliv

Statistikk

	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Gudstenester i alt	37	42	39	40	40	44	42	42	40
Søn-helgedagar	25	32	29	30	29	30	32	33	32
Familiegudst.	7	8	8	8	7	5	6	5	3
Deltakarar i alt	1550	3827/ 91	4021/ 103	4306/ 107	4643 / 116	4326 / 98	4931 / 117	5281 / 125	4632 / 116
Nattverd- deltakarar/snitt	282/ 12	803/ 30	679/ 23	680/ 28	840/ 33	675 / 29	650 / 27	756 / 34	713 / 35
Dåp i kyrkja	8	14	23	20/8/ 13	19	21	28	35	22
Døypte busett på Ellingsøya	14	19	25	25	19 (4/4)	26	34	36	28
Konfirmerte	29	31	25	29	27	25	33	31	25
Vigsel	0	0	1	1	0	0	1	2	1
Forbønshandling for borgarleg inngått ekteskap (ny)	1	-	-	-	-	-	-	-	-
Gravferd	10	17	11	11	15	8	10	16	12
Innmelde i DNK	2	0	0	0	2	2	0	2	0
Utmelde av DNK	0	8	3	3	4	8	3	4	1

Gudsteneste

Kyrkjelivet, har som alt anna dette året, vore prega av korona-pandemien. I 2020 vart det halde 37 gudstenestar. 1 av desse var på Fjellsetra med konfirmantane i januar. 1 på Orreneset i mars i samarbeid med Årset bedehus. 5 gudstenester vart halde på Fredheim (3 av dei med nattverd).

Grunna koronapandemien vart 7 planlagde gudstenester avlyste i perioden 22.03.2020-17.05.2020. 2 planlagde skulegudstenestar avlyste (16.12.2020), men erstatta med eit opptak som vart sendt til skulane. Kyrkjeleiren i august vart diverre også avlyst grunna smittevern.

3 ekstra gudstenestar ble tilført planlagt gudstenesteliste: 1 konfirmasjonsgudsteneste, 1 julaftangudsteneste og 1 dåpsgudsteneste (29.11.2020). Konfirmasjonane vart utsett frå 25.04.2020 til 26.09.2020.

Deltakartalet er prega av smittevernrestriksjonar som har begrensa det tillatne talet på gudstenestedeltakarar til alt frå 200 til 10. Til dømes kunne ein vere 20 pers. i ein gravferd i mars, 200 pers. i ein gudsteneste i september og 50 pers. i ein gudsteneste julaftan. Det er difor vanskeleg å sjå tala frå 2020 opp imot tala frå tidligare år.

Det har også vore restriksjonar på nattverdsfeiring i kyrkjelydane, grunna smittevern. I periodar har vi vore råda til ikkje å feire nattverd. Dette visar seg i tala på nattverdsdeltakarar.

Siste helga i august blei det halde avskjedsgudsteneste for Reidar Standal. Første helga i september blei det halde ordinasjonsgudsteneste med innsetting av ny sokneprest, Ida Marie Weltzien.

I ferietida har gudstenestene i Borgund og Ellingsøy blitt samordna, og det har hendt at folk frå Borgund har reist til Ellingsøy og motsett. Det har da vore normalt 2 gudstenester i Borgund og 1 i Ellingsøy.

På Ellingsøya er det gudsteneste i kyrkja annakvar søndag som hovudregel.

4 faste medarbeidarar har teke på seg å styre PowerPoint-presentasjon under gudstenestene, og det har også hendt at ungdom, gjerne konfirmentar, har teke dette ansvaret nokre gonger.

Soknerådet har siste åra teke på seg å vere kyrkjevertar. Det er ei verdfull teneste som betyr mykje både for tilsette og for dei som kjem til kyrkja. Soknerådet ynskjer å halde fram med denne tenesta.

Det har etter gudstenesta vore kyrkjekaffi bak i kyrkjerommet til vanleg. Vi ser at dette er ein positiv møtestad. Medlemer i Kirkeringen har teke på seg aukande ansvar for kyrkjekaffi. Etter mars har det normalt ikkje vore kyrkjekaffi. Nokre sundagar har det blitt testa ut ulike måtar å samlast til kyrkjekaffi på ein forsvarleg måte mtp. smittevern. Servering i benkeradene er ein av dei.

Til vanleg deltek 3-4 konfirmentar i gudstenesta med praktiske oppgåver.

Ei gruppe på 6 klokkarar har vore trufaste medliturgar.

Dåp

I 2020 vart 8 personar døypte i Ellingsøy kyrkje. Av desse var 3 tilreisande. 14 personar busett i Ellingsøy sokn vart døypte. 9 barn busett i soknet vart døypte i andre kyrkjer. Det er vanleg med dåpssamtale med kvar dåpsfamilie før dåpen, av og til saman med fadrar som ynskjer å vere med. I tillegg til å snakke om dåpens innhald, er dette eit høve til å informere om aktuelle tilbod for barn i ulike aldersgrupper i kyrkjelyden, m.a. babysong. Dåpssamtalen blir oftast gjennomført i soknet ein er busett i.

Konfirmasjon

29 (31)* ungdomar vart konfirmerte siste laurdag i september.

Vigsel

Ingen vigslar (0)*, men 1 (0)* forbønnshandling for borgarleg inngått ekteskap, fant sted i Ellingsøy kyrkje i 2020.

Gravferd

10 (17)* vart gravlagde frå Ellingsøy kyrkje.

Inn- og utmelding av DNK

2 (0)* personar melde seg inn i 2020, 0 (8*) melde seg ut.

Misjonsprosjekt

Kyrkjelydens misjonsprosjekt MIDTØSTEN har vore eit satsingsområde i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap (NMS). Historier om situasjonar og folk i denne regionen gjer ofte inntrykk, og vi får kunnskap og innblikk i livssituasjonen til små og store menneske som lever under heilt andre livstilhøve. Det er naturleg med jamn informasjon om misjonsprosjektet, bøn i gudsteneste og elles. Kyrkjelyden har som målsetting å samle inn minimum kr. 25.000,- som støtte til ulike tiltak gjennom NMS. I 2020 bidrog kyrkjelyden med kr. 13 970,- (28 988,-)*. 25.-28.juni 2020 var det planlagt å arrangere NMS sommarfest og generalforsamling i Ålesund. Det vart utsett og etter kvart avlyst.

Meir info om misjonsprosjektet: <https://nms.no/land/midtosten/>

*Tala i () gjeld året før.

Diakoni

Kyrkjas plan for diakoniarbeidet omfattar desse fire områda:

- A. Nestekjærleik
- B. Vern om Skaparverket
- C. Opne Fellesskap
- D. Kamp for Rettferd

Året 2020 blei svært annleis på grunn av covid-19-pandemien. Regelmessige samlingar og tenester, som Ettermiddagstreff og andakter på Fredheim, institusjons- og heimebesøk, kyrkjekaffi, samt ulike arrangement som kyrkjelydstur og salmekveld har vorte avlyste eller gjennomførte på nye måtar. Vi har måtte tenke nytt om korleis vi skal utføre diakoni i praksis, evangeliet i handling.

Kyrkjekaffi. Vi har hatt kyrkjekaffi etter gudstenestene i Ellingsøy kyrkje og på Fredheim, etter dei til ei kvar tid gjeldande smittevernsreglar.

Ettermiddagstreff. Takk til komiteen for Ettermiddagstreff som ikkje berre forberedte med mat, blomar, gevinstar, og rydda etterpå, men som også måtte vurdere korleis vi kunne gjennomføre treffa på forsvarleg vis dei få gongane vi fekk ha det i år.

Kyrkjelydsturen. Den årlege kyrkjelydsturen vart avlyst og i staden for blei det arrangert eit treff i kyrkja.

Besøksteneste, sjelesorg. Frivillige har gjort ein innsats i å halde kontakt med dei som kunne vere einsame i denne tida. Diakon, prest og andre i staben har også vore i kontakt med fleire enn vanleg, med meir bruk av telefon og brev enn heimebesøk.

Open kyrkje, forbøn. Kyrkja har vore open til fastsette tider gjennom året, særleg ofte i påsketida. Då har det vore mogleg å snakke med presten eller diakonen, tenne lys, be ei bøn, høyre på orgelmusikk, lese andakt, og møte kvarandre. Frivillige har vore med og hjelpt til.

Digital diakoni. Kommunikasjon med kyrkjelyden gjennom webside og andre sosiale media blei enda viktigare i år. Det var inspirasjon på websida på forskjellige vis. Det er også tatt i bruk strømming av gravferd og gudstenester slik at dei som ikkje kunne være tilstade i kyrkja hadde muligheit til å delta i det viktige som skjedde i kyrkjelyden og familien.

Kyrkjering. Medlemmene i kyrkjeringen har gjort ein stor innsats med å besøke folk ved døra eller ringe til familie og naboar. Den planlagde kyrkjebasar i april blei avlyst, lodd blei selt via nett og telefon, og trekninga gjekk som planlagt. Fleire i denne gruppa er også medverkande ved nattverdsgudstenestene og kaffi på Fredheim med presten, diakonen og organisten. Gruppa møttest nokre gongar fysisk.

Frivillig innsats. Vi har sett at dei som hadde vore frivillige i kyrkja før, har dette året vore meir engasjert med å hjelpe familie og naboar. Fleire har vore til stades i kyrkja når det var bruk for dei, i kjente eller nye oppgåver.

Utfordringar i diakoniarbeidet og utfordringar for kyrkjelyden, i høve til diakoniarbeidet:

- Fellesskap for dei som er nye på øya.
- Knytte fleire frivillige til tenestene.
- Å få til fleire tiltak for rettferd og skaparverket, som t.d. fasteaksjonen, og miljøbevisstheit, som t.d. speidarane lærer.
- Korleis organisere diakoniarbeidet med diakon i 25% stilling?

Trusopplæring

Trusopplæring er fellesordet for alle aktivitetane for born og unge opp til 18 år, og inkluderer også konfirmasjonsarbeidet. Styringsgruppa for trusopplæringa i kyrkjelyden var ikkje aktiv i 2020. Tidlegare styringsgruppe har jobba med utvikling av ein plan for trusopplæring for Ellingsøy sokn. Planen er godkjent av biskopen i Møre.

Som alt anna kyrkjelydsarbeid har også trusopplæring og konfirmantarbeidet vore påverka av pandemien. Vi har jobba for å gi konfirmantane ei så normal og god konfirmanttid som høve var. Likevel har situasjonen ført til store og små konsekvensar for konfirmantåret.

Soknepresten og ungdomspresten har saman hatt ansvar for konfirmantopplegget på Ellingsøy. Ny sokneprest Ida Marie Weltzien begynte i stillinga i september 2020. Ungdomspresten har sidan hatt hovudansvar for alle konfirmantgruppene for gi Ida Marie anledning til å bli kjent med opplegget.

Konfirmantane kan velje mellom friluftsupplegg og vanleg undervisning inne. Dei vanlege konfirmantane har undervisning ein tysdag i månaden etter skuletid. Undervisninga skjer for det meste inne i kyrkja der vi spiser saman, leser i bibelen, har aktivitetar og samtaler.

Friluftsgruppa møter også ein tysdag i månaden. Undervisninga skjer naturlegvis ute. Her er det flinke foreldre som ordnar med bål og grilling. Undervisninga er basert på aktivitetar og erfaringar satt i samanheng med bibelske temaer.

I tillegg til gruppeundervisning har vi to undervisningsdagar, ein laurdag om hausten og ein om våren. Desse dagane er det fellesopplegg saman med konfirmantane i Borgund. Grunna pandemien kunne vi ikkje gjennomføre konfirmantlaurdagen som var planlagt hausten 2020.

Foreldre har stilt som gode medhjelparar gjennom året på mange ulike oppgåver, og det er vesentleg for at opplegget skal fungere.

I januar 2020 vart det med hjelp av foreldre gjennomført obligatorisk konfirmanthelg på Fjellseter ungdomssenter.

Fasteaksjonen 2020 for Kirkens Nødhjelp vart avlyst som dør-til-dør-aksjon og gjennomført digitalt.

På grunn av pandemien vart alle konfirmasjonane flytta til hausten 2020. I Ellingsøy kyrkje feira vi konfirmasjon laurdag 26.september. Det vart lagt inn ei ekstra gudsteneste og konfirmantane fekk ha med seg eit bestemt tal gjester.

Det var 29 ungdomar som blei konfirmerte i Ellingsøy kyrkje 26.september 2020.

På grunn av flytting av konfirmasjonsgudstenestene frå april til september fekk det nye konfirmantkullet ikkje starte før etter haustferien i oktober 2020.

Babysang er i kyrkja annankvar tysdag føremiddag. Gjennom året var det 12 småborn som var med på Babysang saman med mor. Vi ønsker å ha Babysang som eit ope tilbod til dei som er heime med babyar så mykje det har latt seg gjere med omsyn til ein kvar tids gjeldande smittevernreglar.

4-årsboka. I år vart det ingen undretur for 4-åringane, men vi inviterte fireåringane med familie til å bli med på ei vandring i kyrkjerommet med fleire stopp undervegs. På denne måten fekk vi besøk av 15 4-åringar som fekk sjå kyrkja si, og få boka si.

Tårnagent. Vi inviterte 2. og 3.-trinnet til tårnagenthelg tidleg i mars. Det vart til saman fire tårnagentar. Vi brukte for fyrste gong opplegget «Skatten i Liljedal». Det vart ein suksess. På gudstenesta fekk deltakarane kvar si bok om «Skatten i Liljedal».

Kyrkjeleiren for 5.-7. trinn, vart dessverre avlyst grunna dei då gjeldande smittevernreglane. For å gjere noko for aldersgruppa laga vi eit brev som vi sendte til alle på 5. trinn. I brevet var det ei bibelfortelling og nokre oppgåver. Det var også ein invitasjon for å kome til kyrkja å hente sitt nytestament.

Familiegudstenesta der Det Nye Testamentet vanlegvis vert delt ut kunne ikkje gjennomførast som vanleg denne hausten.

Lys Vaken vert arrangert annan kvart år. Neste gong er i 2021.

På grunn av pandemien kunne vi ikkje gjennomføre påskevandringar og skulegudstenester med og for barna i skulane på øya. I lag med ungdomar frå Ten Sing fekk vi laga ein liten filmgudsteneste for skulene som dei kunne vise for elevene som erstatning for skulegudsteneste.

Samlingsstunder med Slotsvik menighetsbarnehage og julevandringar for barnehagane fekk vi gjennomføre.

Anna arbeid. Ungdomspresten er med i arbeidsgruppa "*Ung i Ålesund*" som medarrangør av konfirmanntattcupen i Sparebanken Møre Arena (dessverre avlyst i 2020), og samtalt om felles ungdomstiltak i Ålesund, mellom anna støtte til leiartrening og kurs.

Ung i Ålesund arrangerer også MILK – MiniLederKurs, eit leiarkursopplegg frå KFUK-KFUM. Ungdomspresten og undervisningsleder i Volsdalen og Ålesund, Espen Fredheim Johannessen, er ansvarlege for kurset. I skuleåret 19/20 var det 10 ungdomar som deltek. 3 av dei var frå Ellingsøy.

Dessverre var det ikkje mogleg å starte eit nytt kurs hausten 2020 grunna pandemien.

Kyrkjemusikk

Det vart redusert aktivitet på kyrkjemusikkfronten året 2020.

Kyrkjekoret starta året med samøving med Borgund kyrkjekor med tanke på konsert i Borgund kyrkje palmesøndag. Då pandemien sette sitt preg på aktiviteten, vart korøvingane og konserten avlyst.

Saman med Borgund kyrkjekor deltok Ellingsøy kyrkjekor på avskjedsgudstenesta med sokneprest Reidar Standal 23. august og ordinasjongudstenesta med vår nye sokneprest Ida Marie Weltzien 6.september. Vi var også med i Borgund kyrkje 20.des med «Vi syng Julia inn», med Oddgeir Bruaset. Ellingsøy kyrkjekor har stillt som forsongarar på nokre gudstenester utover dette, og ein del var også med 13.des for å delta i salmesongen i høve fakkeltoget /lysmessa 13.des.

Det har vore noko redusert gudstenesteaktivitet dette året. Det har derimot vore opa kyrkje, og då har underteikna nokre gongar vore tilstades og spelt orgelmusikk.

Vi hadde to konsertar dette året: 2.august med Yuri Hashimote og Ola Eide med fløyte og orgel. Dette var ein konsert i serien Internasjonale kyrkjekonsertar i Ålesund.

29.oktober var det konsert med Sunnmøre cellokvartett, Eero Voitek og Jann Elling Koppen. Det har ikkje vore stemming og vedlikehald på orgelet siste åra. I år det gjennomført av orgelverkstaden Marcussen i Danmark. Dei har også vedlikehald på andre orgel i fellelrådet.

Årsrekneskapen

Førebels årsrekneskap for 2020 viser eit mindreforbruk på kr. 1 645 767 dette inkluderer overskot etter overdragelsen av Slotsvik menighetsbarnehage på kr. 1 703 875. Ser ein vekk frå overskotet etter barnehagen er meirforbruket på kr. 58 109.

Inntekter - innsamla midlar

Det vart samla inn kr. 56 262 (kr. 109 770) i offer i 2020. Til eige arbeid: kr. 24 026 (36 9049) til eksterne føremål kr. 32 236 (kr. 72 867). Av eksterne føremål var i underkant av kr. 14 000 samla inn til vårt Misjonsprosjekt i Midtausten (gjennom Det Norske Misjonsselskap).

Via givartenesta kom det inn kr. 32 800 (kr. 42 000). Der var pr. 31.12.20 11 givarar mot 12 i 2019..

Årets fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp var dette året kun nettbasert og pr. Vipps. Inntektene gjekk direkte inn på konto til Kirkens Nødhjelp og viser derfor ikkje i soknet sitt rekneskap.

Grunna pandemien måtte soknerådet stenge salen for utleige i mars. Inntektene her var derfor berre kr. 8 700 mot kr. 33 470 i 2019.

Balanserekneskapen

Sum eigendelar er på ca. kr. 6,06 millionar inkl. overskot frå barnehagen. Av dette utgjer orgel ca. 1,6 mill. og kyrkjetekstilar kr.173 000. Naustet er aktivert med kr. 372 400 og kjøkkenet med kr. 640 000.

Eigenkapital

Disposisjonsfond: kr. 161 762. Bunde investerings fond (testamentarisk gåve): kr. 249 401. Bunde fond utsmykking (testamentarisk gåve): kr. 652 530. Rest fond naust er på kr. 15 000. Innsamla midlar via kyrkjebasaren er sett i fond 'Prosjekt kyrkja' og utgjer kr. 79 363.

Kyrkjebygget

I 2020 starta arbeidet med utskifting av takvindua i kyrkjerommet. Dessverre førte forsinkelsar og ekstra arbeid pga større fuktskader enn forventet til at arbeidet var mykje meir kostbart enn prosjektert og at arbeidet ikkje vart slutført før hausten og uveret kom. Arbeidet er planlagt tatt opp igjen våren 2021.

Slotsvik Menighetsbarnehage

Slotvik Menighetsbarnehage vart 1. april 2020 overdratt til Læringsverkstedet AS. Barnehagen er no ein del av Solkollen konseptet til Læringsverkstedet og har navnet Læringsverkstedet Solkollen, Slotsvik barnehage.

Etterord

I ei årsmelding for 2020, er det ikkje mogleg å unnlate å nevne koronapandemien Covid-19, og den store påverknaden denne fekk på liv og kyrkjeliv. I mars 2020 vart samfunnet stengt ned med store inngripande tiltak for oss alle. Dette har gjort at vi som enkeltindivid og kyrkje har blitt tvungne til å tenkje nytt og vere tilpassingsdyktige. Bryllaup, dåps- og konfirmasjonsfester har blitt utsett eller gjennomført med sosiale restriksjonar. Gravferder er ikkje mogleg å utsette, og desse har blitt gjennomført med næraste familie tilstade fysisk eller ved hjelp av digitale hjelpemiddel.

Staben skal ha ære og ros for måten dei har arbeidd gjennom denne spesielle og krevjande tida. For Ellingsøy kyrkjelyd har det vore eit år med endringar. Etter ein lang prosess vart Slotsvik Menighetsbarnehage overdratt til Læringsverkstedet AS, og har blitt ein «Solkollenbarnehage». Dette betyr at barnehagen fortsatt skal ha ein utvida kristen formålsparagraf. Midlane etter overdragelsen ønskjer soknerådet blant anna å bruke på satsing og tilrettelegging av aktivitet for barn og unge i kyrkja. Soknerådet får no frigitt mykje tid og ressursar som tidlegare vart brukt til å administrere barnehagen. Vi er takksam for det barnehagen har betydd og fortsett betyr for dei som har vore der som barn, tilsette og for oss som kyrkje.

Presten vår, Reidar Standal, pensjonerte seg og vart takka av på avslutningsgudstenesta 23. august 2020. To veker seinare vart Ida Marie Weltzien ordinert, den fyrste ordinasjonen i kyrkja vår. Vi er svært glade for at Ida Marie er hos oss, det er ikkje sjølv sagt å få tilsett ny prest så raskt i våre dagar. Ta gjerne kontakt med Ida Marie og mannen hennar, Johannes. Dei er særskjelle folk som det er lett å like! Soknerådet har mykje å henge fingrane i om dagen. På tampen av året fekk vi vedtatt kyrkjemusikalsk plan, og det er nedsett eit utval som skal revidere grunnordninga for hovudgudstenesta i løpet av fyrste halvdel 2021. Diakoniplanen skal reviderast i løpet av 2021.

I tillegg står ei oppgradering av kyrkjekjellaren på trappene. Her er planane å legge til rette for aktivitet i kyrkjekjellaren, med deling av rommet med foldevegg frå aust mot vest. Lager, scene og lydanlegg skal på plass i den nordre delen, medan det i den sydlige delen skal kome kaffibar, sittegrupper og blant anna bordtennisbord.

Vi er spente på tida som ligg føre, og gler oss til vi kan feire gudstenester på vanleg måte igjen, og vere kyrkje utan smittevernrelaterte sosiale restriksjonar.

Lars Lothe, soknerådsleiar 2020

Ellingsøy sokneråd mars 2021

Oddvar Leif Bjørge - <i>leiar</i>	Lars Lothe - <i>nestleiar</i>
Eva Søvik Uri - <i>Line</i>	Håberg Nedialkov
Bjørge Hadland Slotsvik	Lisa Grøtting
Solveig Kiperberg Viddal - <i>vara</i>	Kjetil Stokkereit Tarberg - <i>vara</i>
Berit Meling Myklebust - <i>vara</i>	Odd Per Vadset - <i>vara</i>
Ida Marie Weltzien - <i>sokneprest</i>	Kristin Smehus - <i>dagleg leiar</i>